

Sosial støtte i individualismens tidsalder

– ein kvalitativ studie om erfaringar og forhold som fremjar og hemjar sosial støtte i psykisk helsearbeid

Knut Ivar Bjørlykhaug

OSLOMET

Avhandling ph.d. sosialt arbeid og sosialpolitikk
Fakultet for samfunnsvitenskap
OsloMet – storbyuniversitetet

Høst 2021

CC-BY-SA versjon 4.0

OsloMet Avhandling 2021 nr 41

ISSN 2535-471X (trykket)

ISSN 2535-5414 (online)

ISBN 978-82-8364-344-2 (trykket)

ISBN 978-82-8364-442-5 (online)

OsloMet – storbyuniversitetet

Universitetsbiblioteket

Skriftserien

St. Olavs plass 4,

0130 Oslo,

Telefon (47) 64 84 90 00

Postadresse:

Postboks 4, St. Olavs plass

0130 Oslo

Trykket hos Byråservice

Trykket på Scandia 2000 white, 80 gram på materiesider/200 gram på coveret

Forord og takksemd

Du måtte vera forsiktig, du måtte vera klok.

For den forstandige kunne fanga noko langt borte og trekka det nær.

– Patti Smith

Javel, medborgar.

Å starte denne setninga er noko av det vanskelegaste eg har gjort dei siste vekene. Kor skal ein starte og korleis skal dette gå? Eg *må* skrive. Våren 2021 «isolerte» eg meg noko klisjéaktig på ei øy i Nordvest for å kome i mål med avhandlinga. Som om det eg trengte var meir isolasjon. Eg forsøkte flykte frå pandemien, men òg frå det sosiale, som trass alle ting klora seg fast gjennom alle pandemiltak. Dette skjøre sosiale som set oss til verda – som bind oss saman – og som vi trenger fri frå i periodar. Både ufrivillig og frivillig isolasjon gjer at ein verkeleg kjenner krafta i det sosiale og relasjonelle. På denne øya i Nordvest er rytmen annleis. Jorda pustar friare og havet minner om noko vi kan kalle håp, og om ein er heldig kan ein ei flyktig stund gløyme at vi står overfor ei mykje større krise; natur- og klimakrisa. Eller bli kraftig minna om den. Det høyrast kanskje pretensiøst ut, kan hende barnsleg, men mi erfaring er ofte at vårt relasjonelle forhold til sjefs-mamma – moder jord – og andre artar, blir tydelegare når vi av og til tek steget ut den menneskesentrerte kvardagen. Så kan ein fortsette å undre seg over kva det inneber å vere eit menneske, å vere ein art blant mange andre. Kople seg frå alt, og kople seg på noko meir. Kome meir heil tilbake, med litt flaks. Meir eller mindre udanna.

Kva gjer oss til menneske? Avhengigheita av andre, ikkje fridomen frå dei, gjer oss til menneske, hevder Rosenberg (2013) i *Plikten, profiten og kunsten att vara människa*. Eg føler og følgjer dette, på godt og vondt. Når eg skriv dette er liva våre stadig prega av koronapandemien; hissige mutantar og sosial stenging trugar endå. Vaksiner flyt og flyttar inn i kroppane våre. Vi Nord-buarar er nok ein gong heldigare enn dei fleste, mykje på grunn av vår rikdom. Det betyr ikkje at folk i vårt rike land er urørte. For tenk: det finst fattigdom, sosiale problem, liding og dårlege levekår i Noreg òg. Dei med minst økonomisk og sosial kapital blir hardast råka. Folk i dei store byane har blitt hardast ramma av pandemien, ikkje minst i Tigerstaden. Det er ved denne staden dette prosjektet i stor grad har hatt sitt dynamiske fotfeste. Ein ny dramatisk røyndom velta over oss i etterkant av feltarbeidet vi gjorde gjennom to rike år, og som blei avslutta rett før pandemien slo inn. Sosial stenging.

Hald avstand. Ha minst mogleg sosial kontakt. Kva betyr alt dette for den sosiale helsa vår? Kva lærer vi om det sosiale si betydning i denne situasjonen? Og: kva ventar oss av nye sosiale problem i denne tida vi er ein del av?

Eg vil rette stor takk til hovudrettleiar Bengt som har vore ein omsorgsfull og kritisk følgjesven, og ein sær oppmuntrande rettleiar, gjennom heile dette prosjektet. Utan deg hadde ikkje dette blitt noko av. Tusen takk til Rose-Marie som har vore med-forskar og ven, som har gitt meir rikdom til dette prosjektet med sine viktige erfaringar og mange talent. Vi har fått øvd på sosial støtte mellom oss, og vi har fått stor fridom. Takk til alle dykk som var med på å dele tankar og perspektiv i utviklinga av dette prosjektet. Ein djup takk frå hjarterota til alle som har deltatt i studien og som raust har delt frå sine liv. Utan dykk – ingen studie. Takk til bi-rettleiarar Lise og Hallvard for gode samtalar og innspel undervegs i prosjektet. Takk til alle med-stipendiatar for inspirasjon og felles kamp for å overleve som stipendiatar. Takk til moder jord, og til alle som kjempar for å verne livet.

Studien er dedisert til alle einsame medborgarar, til alle som slit med samansette helseproblem, til politikarane, til familien, til mamma, og til pappa – som døde alt for tidleg. Studien dediserast vidare til håpet, ønsket og arbeidet med å skape ei betre og meir rettferdig verd. Vi fortset.

Fagmiljø

Denne studien blei til etter utvikling av prosjektet ved Universitetet i Sørøst-Noreg, Senter for psykisk helse og rus, Fakultet for helse- og sosialvitskap. Prosjektsøknaden blei utvikla i samarbeid med hovudrettleiar Bengt Karlsson, Mental Helse Norge og fem personar med relevant erfaringskompetanse knytt til senteret i perioden 2016-2017. Prosjektet fekk gjennomslag og finansiering hos Stiftelsen Dam hausten 2017.

I prosjektperioden (januar 2018- juni 2021) har stipendiaten vore knytt til Ph.d.-programmet i Sosialt arbeid og Sosialpolitikk ved OsloMet – Storbyuniversitetet. Der har prosjektet i ulike fasar blitt drøfta gjennom deltaking i mellom anna arbeidsverkstader for stipendiatane og i interne og eksterne kurs. Stor takk til alle i dei ulike miljøa som har bidratt med viktige perspektiv og konstruktiv kritikk i prosjektperioden.

Samandrag

Bakgrunn

Vi veit at sosial støtte er viktig og avgjerande i liva våre. Spesielt viktig er denne støtta når livet er på sitt mest utfordrande, og når vi erfarer psykiske helsevanskar. Eit mangfald av forskning er tydeleg på samanhengane mellom sosial støtte og psykisk helse – dess mindre sosial støtte, dess dårlegare helse, og vice versa. Difor ønska vi å utforske erfaringar og forhold knytt til kva som kan fremja og hemja sosial støtte, i arbeidet med psykisk helse. Studien blei utvikla i samarbeid med folk som har eigenerfaring med psykiske helsevanskar.

Hensikta med studien

Denne studien søker først og fremst å utforske erfaringar og forhold som kan fremja og hemje sosial støtte, sett frå brukarar, tilsette og frivillige sine perspektiv. Vidare er hensikta å løfte fram korleis støtte skjer, samt politiske og strukturelle forhold som påverkar sosial støtte. Konteksten i forskinga er kommunale psykiske helsetenester i ulike bydelar i Oslo.

Metodologi

Studien er tufta på samarbeidsbasert metodologi, og har ei kvalitativ orientering. Avhandlingsarbeidet er vidare inspirert av fenomenologiske og hermeneutiske filosofiar. Metodar for dataskaping har vore fokusgruppeintervju og deltakande observasjon. I analyseprosessen har vi nytta tematisk analyse, etnografisk fortolking og poesi som analysemetode og verktøy.

Funn

Funna i studien er presentert i tre artiklar. Den første artikkelen er ei systematisk kunnskapsutforsking av samanhengar mellom sosial støtte, psykisk helse og betringsprosessar. Den andre artikkelen presenterer domenediskusjonar knytt til deltakarane sine perspektiv om kva som kan fremja og hemja sosial støtte. Funna i artikkel to er løfta fram i følgjande tema: (1) kvaliteten og sårbarheita knytt til sosial støtte (a) levd erfaring, gjensidigheit og forståing b) «ghosting» og skam (2) forhold som fremjar sosial støtte (a) stabile miljø og rom for mangfald (b) sosial rytme og helande ritual (3) forhold som hemjar sosial støtte (a) økonomiske barrierar og (b) sosiale utfordringar i samtidskulturen. Studiens tredje artikkel utforskar vidare, ved hjelp av poetisk analyse og formidling, forhold som kan fremja og hemje sosial støtte. Denne studien løftar fram funn i to poetiske hovud-vers, basert i både fokusgrupper og deltakande observasjon: (1) det som blomstrar og (2) det som visnar.

Funna i den siste artikkelen går djupare inn i fenomenet sosial støtte, og gir ein annan inngang til levekår, støtte og psykisk helse. Funna og dikta løftar fram kva betydning estetikk, økonomi, haldningar og strukturelle forhold har for sosial støtte og psykisk helse.

Konklusjon

Funna i denne studien peiker mot at tenestene må utvikle stabile møteplassar som kan tilby sosial rytme, omsorg og utviding av sosiale nettverk. Den estetiske utforminga av stadene er viktig. Erfaringskunnskap, og tilsette og frivillige som òg har erfaring med psykiske helsevanskar, kan vere fremjande for sosial støtte. Stigma knytt til psykiatriske diagnosar og pengeproblem er ei barriere for opplevinga av sosial støtte, trass i ein større openheitskultur. Ein kultur prega av overdriven individualisme kan òg utgjere ei barriere for å utvikle støttande fellesskap, og tenester prega av omsorg. Ein politikk som i større grad hjelper folk med samansette psykiske helsevanskar ut av fattigdom, er avgjerande for folk sine betringsprosessar. For å fremje psykisk helse, treng vi heilt konkret ein betre omfordelingspolitikk og ein sosialpolitikk som innrettar tiltak for sosial støtte på fleire nivå; kjenslemessig, bekreftande, informativt og instrumentelt.

Summary

Background

We know that social support is crucial in our lives. This support is especially important when life is at its most challenging, and when we experience mental health problems. A diversity of research shows an evident connection between social support and mental health; less social support leads to poorer health, and vice versa. Therefore, we wanted to explore experiences and conditions related to what can promote and inhibit social support. The study was developed in collaboration with people who have personal experience with mental health problems.

Aim

This study primarily seeks to explore experiences and conditions that can promote and inhibit social support, as understood by users, employees and volunteers. Furthermore, the intention is to highlight how support takes place, as well as political and structural factors that affect social support. The research context is municipal mental health services in different parts of Oslo.

Methodology and analysis

The study is based on collaborative methodology and has a qualitative orientation. Furthermore, the dissertation is inspired by phenomenological and hermeneutic philosophies. Methods for data creation were focus group interviews and participatory observation. In the analysis process, we used thematic analysis, ethnographic interpretation and poetry as a method of analysis and as a tool.

Findings

The findings in the study are presented in three articles. The first article is a scoping review exploring the connections between social support, mental health and mental health recovery. The second article presents domain discussions related to the participants' perspectives on what can promote and inhibit social support. The findings in article two are highlighted in the following topics: (1) the quality and vulnerability associated with social support (a) lived experience, reciprocity and understanding (b) “ghosting” and shame (2) conditions that promote social support (a) stable environment and room for diversity (b) social rhythm and healing rituals (3) conditions that inhibit social support (a) economic barriers and (b) social challenges in contemporary society. The study's third article further explores conditions that

can promote and inhibit social support, through poetic analysis and dissemination, based on focus groups and participatory observation. This study highlights the outcomes in two poetic main verses: (1) that which flourishes and (2) that which withers. The outcomes in the last article go deeper into the phenomenon of social support, and the findings provide a different insight regarding living conditions, support and mental health. The results show the importance of aesthetics, finances, attitudes and structural conditions for social support and mental health.

Conclusion

The findings of this study point to the need for services to develop stable meeting places that can offer social rhythm, care and expansion of social networks. Moreover, experiential knowledge and employees and volunteers who have experience with mental health problems can promote social support. Stigma and shame associated with psychiatric diagnoses and poverty works as barriers to the experience of social support. In addition, a culture characterized by excessive individualism also constitutes a barrier to developing supportive communities, and services characterized by care. A policy that helps people with complex mental health problems out of poverty is crucial for people's recovery processes. In concrete terms, our findings suggest that promoting mental health requires a better redistribution policy and a social policy that directs measures for social support at several levels; emotional, affirmative, informative and instrumental.

Innhald

1.0 Innleiing	6
Hensikta med studien	7
Forskingskontekst.....	8
2.0 Bakgrunn og kunnskapsstatus	8
2.1 Sosial støtte og psykisk helse	8
2.2 Sosialt arbeid – framvekst, teoretisk mangfald og utfordringar med det sosiale	12
2.3 Sosialt psykisk helsearbeid.....	14
2.4 Recovery, kunnskapshegemoni og psykisk helsearbeid.....	15
Recovery – med stor og liten R.....	17
Relasjonell recovery og individualisme	19
3.0 Teoretisk rammeverk.....	20
3.1 Utviklingsøkologi og aktør-nettverk-teori	20
3.2 Sosial kapital i eit post-humant velferdsperspektiv.....	23
Sosial kapital, støtte og skam	25
Recovery-kapital	27
3.3 Diagnosekulturen	28
Diagnosar som designa orden	30
4.0 Metodologi	33
4.1 Ekspertise og kunnskap: studien sitt design.....	33
Kva betyr mi eiga livserfaring i dette prosjektet?	34
4.2 Demokratisk kunnskapsutvikling i praksis?.....	36

Verdilada forskning?	37
Recovery-orienteringa og oss	38
Å forske saman for kunnskap om psykisk helse: utfordringar i samarbeidet	39
4.3 Sosialkonstruksjonismen og forståing av kunnskapsproduksjon	40
4.4 Fenomenologisk og hermeneutisk inspirasjon i avhandlingsarbeidet	43
Poetisk fenomenologi – og poetisk realisme?	45
4.5 Metodar for dataskaping: fokusgruppeintervju og deltakande observasjon	47
Fokusgrupper	47
Deltakande observasjon	48
<i>Feltet og stadene</i>	49
<i>Deltakarene – rekruttering og samansetjing</i>	50
Etnografiske refleksjonar kring sosial støtte	51
5.0 Analyseprosessen	52
5.1 Samarbeidsbasert tematisk analyse	53
Etnografiske fortolkingsprosessar	54
5.2 Poesi som analysemetode	55
<i>Poetiske analyserefleksjonar: grenselandet mellom fiksjon og prosaisk formidling</i>	56
Etnografiske analyserefleksjonar – frå deltaking til erfaring, til tekst, til dikt	57
Metodekritiske refleksjonar	60
6.0 Etske refleksjonar	61
7.0 Funn	63
7.1 Samandrag av første artikkel	63

7.2 Samandrag av andre artikkel	64
7.3 Samandrag av tredje artikkel.....	65
8.0 Diskusjon.....	66
8.1 Hovudfunn I: forhold som kan fremja sosial støtte.....	67
8.2 Hovudfunn II: forhold som kan hemja sosial støtte	74
8.3 Funn i lys av pandemien: omsorg og støtte under press?.....	83
8.4 Kritikk og utfordringar: fallgruver i felleskapsorientert praksis	86
8.5 Avgrensingar, svakheiter og styrker ved studien	88
9.0 Konklusjon og implikasjonar for praksis	89
Litteratur.....	92

Vedlegg

Vedlegg 1: Godkjenning NSD

Vedlegg 2: Informasjonsskriv og samtykke til deltaking

Vedlegg 3: Intervjuguidar

Vedlegg 4: Informasjonsskriv om forskingsprosjektet til bydelane og aktivitetshus

Artiklane

Artikkel 1: Bjørlykhaug, K. I., Karlsson, B., Hesook, S. K., & Kleppe, L. C. (2021). Social support and recovery from mental health problems: a scoping review. *Nordic Social Work Research*, 1-32. DOI: <https://doi.org/10.1080/2156857X.2020.1868553>

Artikkel 2: Bjørlykhaug, K. I., Bank, R.-M., & Karlsson, B. (2020). Social Support and Relational Recovery in the Age of Individualism: A Qualitative Study Exploring Barriers and Possibilities for Social Support in Mental Health Work. *Journal of Recovery in Mental Health*, 4(1), 35-55.

URL: <https://jps.library.utoronto.ca/index.php/rmh/article/view/35284>

Artikkel 3: Bjørlykhaug, K.I., Bank, R-M., Karlsson, B. (2021). Eksistensielle stormar, toreskyar og hus med rolege hav. Ei vitskapeleg og poetisk utforsking av sosial støtte i psykisk helsearbeid. *Nordic Journal of Art, Culture & Health*, 3 (1-2), 75–90.

DOI: <https://doi.org/10.18261/issn.2535-7913-2021-01-02-07>

Vikarierende håp

Etter fleire omgangar med tørrprat
seier du det til meg (kviskrar du det?)

du seier dette:

at samfunnet har det ikkje
men denne staden har det;
eit vikarierende håp


vi sår nokre frø utanfor kjøkkenvindaug
det veks liljer mellom brysta våre

1.0 Innleiing

Ifølgje folkehelseinstituttet er det motsette av sosial støtte einsemd. Det er kanskje noko forenkla, all den tid einsemd er eit samansett fenomen; men det er noko med denne langvarige, ufrivillige einsemda som er helseskadeleg for oss. Vi menneskedyr er dei mest avhengige sosiale dyra på jorda – noko pandemien på ny aktualiserer på brutale måtar. Kven er vi eigentleg utan andre? Kvifor er isolasjon ei av dei verste formene for tortur menneske kan bli utsett for? Kven er vi om vi ikkje kan vere noko for andre, og kor hjelpelause er vi ikkje ofte når lidinga treffer oss og det sosiale forsvinn? Det å bli sett, akseptert og å høyre til er avgjerande grunnvilkår i liva våre. På mange måtar blir vi til i møte med andre og deira forventningar til oss gjennom heile livet. Braanen (2021) skriv at svaret på spørsmålet om «kven er eg?» gjerne ligg i svaret på spørsmålet «kven er eg bunden saman med»? I denne bindinga er vi kronisk avhengige av kvarandre, på godt og vondt. Våre sosiale liv er heile tida i forandring. I bevegelse og i (u)takt med endringar i natur- og miljø, lokalsamfunn, kulturen, dei globale trendane – vevd saman med vårt indre komplekse liv (Knausgård, 2016). Små og store forhold i bevegelse, som påverkar våre evner til å skape rom for omsorg og støtte. Er omsorg og støtte under press i vår tid? Judith Butler hevder at omgrepet og fenomenet omsorg og støtte for andre si velferd har blitt så framande for oss – både på vegner av kvarandre og naturmiljøet – at vi kanskje må finne opp omsorg på ny (Butler, 2021). Ta omsorga tilbake. Kanskje er det litt det denne studien handlar om?

Denne studien utforskar folk sine erfaringar med forhold som kan fremja eller hemja sosial støtte i kommunalt psykisk helsearbeid, og løftar fram eit utval eksisterande kunnskap, utviklingstrekk og relevant teori knytt til temaet. Artikkane svarar på ulike måtar på spørsmåla: kva betyr sosial støtte for betring frå psykiske helsevanskar? Kva er døme på praksisar som legg til rette for at sosial støtte og helsefremjande relasjonsbygging kan skje? Og; kva forhold kan vere med på å fremja og hemje sosial støtte – og i forlenginga betring? Artikkel 1 (*Social support & Mental Health Recovery: a scoping review*) utforskar i djupna samanhengar mellom sosial støtte og betring, både ved moderate og alvorlege psykiske helsevanskar. Artikkelen bygg opp ein argumentasjon for meir inngåande kunnskap om forhold som kan fremja og hemja sosial støtte, og viser at det behov for meir kvalitativ kunnskap om desse tilhøva. Artikkel 2 (*Social Support and Relational Recovery in the Age of Individualism*) tar for seg alle fokusgruppeintervjua vi har gjennomført, og sentrale domenediskusjonar etter samarbeidsbasert tematisk analyse, knytt til kva tilsette, brukarar og frivillige løfta fram som fremjande og hemjande for sosial støtte. Artikkel 3 (*Eksistensielle stormar,*

toreskyer og hus med rolege hav) er ei vitskapeleg og poetisk utforsking av sosial støtte, knytt til analyse av funn frå både fokusgruppene og deltakande observasjon i feltet. Artikkelen går djupare inn i fenomenet sosial støtte og det observerte tilværet; korleis skjer støtte – og korleis blomstrar og visnar den? Denne artikkelen søkar å gå djupare inn i erfaringane gjennom poetisk analyse og framføring.



Figur 1: artiklane

Hensikta med studien

Hovudhensikta med denne studien er å utforske og beskrive kva som kan fremja og hemja sosial støtte i kommunalt psykisk helsearbeid sett frå brukarar, profesjonelle og frivillige sine perspektiv. Dernest utforske korleis tenestene legg til rette for sosial støtte, samanhengar mellom sosial støtte og betringsprosessar, og strukturelle og politiske forhold som påverkar dette. Studien stiller to hovudspørsmål:

- Korleis opplever og beskriv brukarar, profesjonelle og frivillige det som kan fremja sosial støtte i kommunale psykiske helsetenester?
- Korleis opplever og beskriv brukarar, profesjonelle og frivillige det som kan hemja sosial støtte i kommunale psykiske helsetenester?

Forskingskontekst

Forskingskonteksten for studien har vore kommunale psykiske helsetenester for vaksne i tre bydelar i Oslo. Ein har valt tenestestader i bydelar med ulikt befolkningsgrunnlag og rammevilkår. Det vil kunne gi ulike erfaringar med sosial støtte i ulike kontekstar. Statistisk sett er bydelane forskjellige forskingskontekstar med ulike sosioøkonomiske og sosio-demografiske utgangspunkt – men med om lag same innbyggartal. Tenestene samarbeider ofte med organiserte ideelle og/eller frivillige tiltak, difor ville vi òg snakke med frivillige som samarbeida med psykisk helseteneste i dei ulike bydelane.

Eg vil først presentere bakgrunnen for studien, og sjå nærare på relevant forskning, politikk og ståstader som gir eit fundament til våre forskningsspørsmål og studien sin relevans. Vidare går vi gjennom nokre sentrale teoretiske perspektiv og refleksjonar som er viktige for ståstader, analysearbeidet og dei komande diskusjonane. Neste steg vil vere metodologiske og vitskapsfilosofiske refleksjonar, ontologisk og epistemologisk argumentasjon for val av metodar og analytisk tilnærming, før vi presenterer funn og inviterer inn til ein større diskusjon knytt til artikkane, hovudfunn og implikasjonar for praksis.

2.0 Bakgrunn og kunnskapsstatus

2.1 Sosial støtte og psykisk helse

Sosial støtte har sentral betydning for god psykisk helse og for betringsprosessar ved psykiske helsevanskar, og er ein spesielt viktig og avgjerande dimensjon i psykisk helsearbeid (Davidson, 2011; Folkehelsemeldinga, 2019; Karlsson & Borg, 2013; Primærhelsetjenestemeldingen, 2015; Starrin, 2009; Taylor, 2011). Kva er eigentleg sosial støtte – eller rettare: kva kan det vere? Beskrivingane av sosial støtte er omfattande. Ein måte å beskrive sosial støtte på er at det handlar om å bli tatt vare på og anerkjend; verdsetjing både som opplevd i relasjonar til andre menneske, og at ein inngår som del av eit større nettverk. Det motsette av sosial støtte kan vere langvarig og ufrivillig einsemd (Folkehelseinstituttet, 2015). Sosial støtte er eit allmennmenneskeleg behov. Det er i litteraturen brei eining om at sosial støtte er ei kompleks og fleirdimensjonert erfaring. Det er mindre eining om korleis sosial støtte best kan konseptualiserast, definerast og målast (López & Cooper, 2011).

Vi veit at dei sosiale nettverka våre har stor betydning for helsa vår, og ifølgje Folkehelseinstituttet er det først og fremst sosial støtte som er den mest helsefremjande

faktoren. I Folkehelseinstituttet (2015) sitt faktaark om sosial støtte finn ein fire kategoriar som kan vere til hjelp når ein skal utforske fenomenet sosial støtte:

- *Kjenslemessig støtte* som vanlegvis kjem frå familie eller nære vener. Slik støtte inkluderer empati, omsorg, kjærleik og tillit.
- *Bekreftande støtte*, som kan vere tilbakemeldingar i form av stadfesting og sosiale samanlikningar og som ofte er av evaluerande karakter. Slik støtte kan kome frå familie, vener, arbeidsfellesskap og andre sosiale instansar.
- *Informierende støtte*, som kan inkludere rådgiving, forslag og anbefalingar og som hjelper oss i møte med personlege og sosiale utfordringar. Slik støtte kan òg kome frå det offentlege hjelpeapparatet og frivillige organisasjonar.
- *Instrumentell støtte*, som kanskje er den mest konkrete forma for sosial støtte. Den kan omfatte mellom anna økonomisk hjelp og ulike former for praktisk hjelp. Slik støtte kan kome frå dei ulike nivåa; frå familie og venar, til det offentlege og politiske.

Forsking peikar på at psykiske helseproblem ofte aukar i takt med redusert sosial støtte, men den generelle graden av opplevd støtte i befolkninga synes å vere høg (Barstad & Sandvik, 2015). I eit mangfald av forskning blir vennskap, håp, opplevingar av kjærleik, å ha tilstrekkeleg med pengar og deltaking i det sosiale livet, trekt fram som viktig for opplevinga av sosial støtte (Boucher et al., 2016; Davidson et al., 2001; Lamont et al., 2017; Ljungqvist et al., 2016; McKeown et al., 2015). For mange er einsemd, marginal økonomi, sosial ekskludering og stigma framleis store sosiale og helsemessige problem som kan utvikle og forverre psykiske helseproblem. Forskinga viser at tenester som arbeider med sosial støtte på ulike nivå ofte kan vere avgjerande for folk sine betringsprosessar, og oppfordrar til eit større kunnskapsfokus retta mot levekår og psykisk helse (McKeown et al., 2015; Topor & Ljungqvist, 2017). Kunnskap om fattigdom og levekår i Noreg viser at fleire slit med problem knytt til å kome inn i arbeidslivet, marginal økonomi og opplevingar av å bli utstøytt. Som eit resultat aukar psykiske problem, ulikskap i helse, og ein ser ei sterk auke i bruk av antidepressiva (Langeland et al., 2016). Vidare løftar forskning fram at sosial ulikskap i helse er problematisk på fleire måtar, både for personen og samfunnet (Dahl et al., 2014; Dahl & van der Wel, 2016). Ein viktig strategi i folkehelsemeldinga (2019) er å styrke samarbeidet på tvers av sektorar. Ein ønskjer mellom anna å styrke det frivillige arbeidet og den sosiale støtta som kan utviklast i frivillig sektor og i det sivile samfunnet. Forskingsbasert erfaring peikar på at frivillige og ideelle ofte kan vere velferdspionerar (Trætteberg & Sivesind, 2015), og

kan vere ein viktig supplerande dimensjon i det psykiske helsearbeidet. Primærhelsemeldinga (2015) løftar fram fleire utfordringar og målsettingar når det kjem til framtidens psykiske helsearbeid. Nesten ein firedel av den vaksne befolkninga har eller vil oppleve psykiske vanskar som krev behandling, og dei sosiale forskjellane aukar. OECD konkluderer med at trass i gode tilbod i enkelte kommunar, har Noreg betydelege utfordringar i sine tenester for personar som erfarer psykiske problem (Primærhelsemeldinga, 2015: s. 114).

Folkehelsemeldinga (2019) løfter fram at regjeringa Solberg særleg vil styrke innsatsen på tre områder (1) *tidleg innsats for barn og unge* (2) *førebygging av einsemd* og (3) *reduere sosial ulikskap* i helse:

Flere skal oppleve god psykisk helse og trivsel, og de sosiale forskjellene i psykisk helse skal reduseres. Bedre behandlingstilbud og sterkere forebyggende arbeid i helse- og omsorgstjenester er nødvendig. Men skal vi lykkes må vi også løfte blikket ut over helse- og omsorgstjenesten og rette oppmerksomheten mot andre påvirkningsfaktorer som levekår, barnehager, skole- og læringsmiljø, arbeid og arbeidsmiljø, frivillig deltakelse og forhold i nærmiljøet (s.23).

Samtidig seier regjeringa Solberg sin «strategi for god psykisk helse» (Helse- og omsorgsdepartementet, 2017) heilt eksplisitt at ein skal styrke sosial støtte, og redusere einsemd. I denne strategien blir det mellom anna understreka at:

Et godt bo- og nærmiljø kan bidra til å legge forholdene til rette for å oppleve sosial støtte og derved forebygge ensomhet. Sosiale møteplasser og kulturtilbud, grøntområder og god tilgjengelighet til natur- og rekreasjonsområder vil være av betydning i denne sammenheng (s. 22).

Det samfunnsmessige og sosiale perspektivet i arbeidet med psykisk helse har blitt løfta og tydeleggjort i offentlege og politiske føringar, og stortingsmeldingar sidan 1981 (Karlsson & Borg, 2013). Fleire understreker likevel at vi fortsatt har ein lang veg å gå, for å utvikle humane, inkluderande og sosiale praksisar i arbeidet med psykisk helse (Cottam, 2016; Karlsson & Borg, 2021; Topor et al., 2011). Det kan bli skapt eit anna rom for sosial støtte og betring, når menneske som søker hjelp ikkje blir sett på som noko som skal «fiksast», «reparerast» eller «behandlast» frå ein ekspertiseståstad (Storch & Ness, 2016) Ein viktig

dimensjon knytt til opplevinga av sosial støtte og betring, er håp, som ofte blir satt på prøve når vi erfarer psykiske og sosiale problem (Sælør et al., 2019; Sælør et al., 2015).

Tenester, lokalsamfunn og politikarar treng meir kunnskap om korleis ein kan legge rette for og samarbeide kring sosial støtte. Det finst fleire døme på praksisar som arbeidar både direkte og indirekte med levekår og sosial støtte som ein kan lære av. Likevel ser dette ut til å fortsett vere eit nedprioritert satsingsområde i psykisk helsearbeid, og spesielt i psykisk helsevern (Karlsson & Borg, 2021). I denne samanhengen kan det vere nyttig å ha nokre spørsmål i mente. Kvifor har til dømes sosialt arbeid tronge kår i arbeidet med psykisk helse? Korleis blir det jobba med sosial ulikskap realpolitisk – er det samsvar mellom dei politiske visjonane og den faktiske politikken? FNs spesialrapportør (UN, 2020) meiner at trass i fagre ord og visjonar, er det behov for ein revolusjon i måten vi arbeider med og forstår psykisk helse på. Ein kan gjerne snakke om å bygge støttande lokalsamfunn, og skrive strategiar om heilskaplege tenester og lokalsamfunn, men realpolitikken ser ikkje ut til å legge til rette for det. Ifølgje FNs spesialrapportør (2020, s.8) *må* både forskinga og utforminga av ein meir rettferdig sosial- og totalpolitikk ta omsyn til: (...) *the structural, political and social determinants of distress, including poverty, inequality, discrimination and violence* (...).

Statistisk sentralbyrå (Aaberge et al., 2020) rapporterer at ulikskapen i Norge aukar, og at den ulikskapen er *betydeleg* større enn statistikken viser. Grunnen er at skattemeldingane utgjer det viktigaste datagrunnlaget for denne statistikken, og at den enkelte innan eit endra regelverk har store moglegheiter til å tilpasse kor stor del av kapitalinntektene som betalast i utbytte, og dermed bli rapportert som inntekt i skattemeldingane. Endringar i skattereglar fører til at desse tilpassingane endrast over tid, noko som gir store utslag i både toppinntektsandelane og i inntektsulikskap slik desse omgrepa blir målt i offisiell statistikk. Vi veit at ulikskap i (psykisk) helse kan knytast til ulikskap i inntekt; dei som har god råd har generelt betre helse, langvarige helsevanskar aukar sjansane for økonomiske problem, og vice versa – økonomiske problem aukar sjansane for helseproblem. At ulikskapen aukar er eit problem for heile samfunnsgruppa (Piketty, 2020), og kan ha betyding for både individuelle og sosiale faktorar som påverkar opplevinga av sosial støtte og helse. Det er grunn til å tru at auka fokus på og styrking av sosial støtte i dei ulike nivåa *kan* vere ein viktig faktor i arbeidet med å redusere ulikskap i helse (Prince et al., 2018; Scheffler & Brown, 2008; Stoltenberg, 2015). Studien (artikkel 1) synar behov for auka innsats både kva gjeld emosjonell og instrumentell

støtte, og at det er eit behov for å utforske vidare kva folk i feltet meiner kan vere fremjande og hemjande faktorar for sosial støtte.

Det ser ikkje ut til å vere samsvar mellom dei uttalte politiske visjonane om både ein meir sosial og human praksis, styrka innsats for reduksjon i ulikskap i helse, og den faktiske politikken. Forskinga og politiske visjonar fordrar til vidare utforsking kring sosial støtte relatert til psykiske vanskar. Det trengs meir forskingsbasert kunnskap om kva som fremjar og hemjar sosial støtte, og korleis ein kan legge til rette for sosial støtte – sett frå ulike perspektiv. Funna i denne studien vil både kunne gje døme på praksisar og erfaringar som kan styrke eller svekke sosial støtte, og til sist forsøke å diskutere funna breiare med mål om vidare implikasjonar for praksis og sosialpolitikk.

2.2 Sosialt arbeid – framvekst, teoretisk mangfald og utfordringar med det sosiale

Når vi utforskar folk sine sosiale liv og psykisk helse spelar sosialt arbeid openbart ei viktig rolle. I konteksta vår har vi intervjuet og samhandla med folk som har arbeida med ulike former for sosialt arbeid, medvitent og meir umedvitent, profesjonelt og frivillig. Den internasjonale føderasjonen for sosialarbeidarar (IFSW) brukar ein definisjon som kan hjelpe oss å forstå breidda i og målet med dette arbeidet:

Sosialt arbeid er en praksisbasert profesjon og en akademisk disiplin som fremmer forandring og utvikling, sosial tilhørighet, sosial samhörighet og empowerment og frigjøring av mennesker. Prinsipper om sosial rettferdighet, menneskerettigheter, kollektivt ansvar og respekt for forskjeller er sentrale for sosialt arbeid. Understøttet av teorier om sosialt arbeid, samfunnsvitenskap, humanistiske fag og urfolks kunnskaper aktiverer sosialt arbeid mennesker og strukturer for å adressere livsutfordringer og for å fremme livskvalitet.¹

Sosialt arbeid kan vidare definerast som ein praksis kor mandatet er å hjelpe menneske i krevjande livssituasjonar innan felt som barnevern, kriminalomsorg, familievern, psykisk helse, rus, NAV og asylvern (Berg et al., 2015). Beresford (2005) minner oss på at sosialt arbeid vaks fram som ei radikal rørsle, hovudsakeleg starta av kvinner. Det var den første

¹ <https://www.ifsw.org/what-is-social-work/global-definition-of-social-work/>

profesjonen som for alvor peika på problemet med ulikskap og diskriminering i samfunnet. Sosiologi-faget og miljøet ved Universitetet i Chicago representerer røtene til sosialt arbeid, der opninga for ei akademisk karriere for kvinner i 1892 innan sosiologi, starta gro-botnen for eit eige program i sosialt arbeid i 1920 (Levin et al., 2018). Hovudinteressa var å jobbe meir praktisk orientert for eit betre samfunn og sosial rettferd:

To move the woman was not something done against the will of the woman themselves. On the contrary it was, for many, a relief because the new department offered them new possibilities including escape from feelings of being treated by men of the sociology department as second-class sociologist because of their concern with how things worked in society as well as interests on the individual. In the practical world, they could study the themes and use the methods they felt were crucial for answering the big questions of the day and contribute to a new and better society (Levin, Haldar & Picot, 2018:2).

Det har blitt stilt spørsmål om faget sosialt arbeid sin vitenskapsdimensjon, fordi ein i andre fagdisiplinar ofte har eit undersøkingsobjekt: psykologien har *psyken* som undersøkingsobjekt, sosiologien har *samfunnet*. Hansen og Solem (2017) viser til en større debatt om kva som eigentleg er sosialt arbeid sitt undersøkingsobjekt – der omgrep som *sosial integrasjon* og *sosial fungering* blir løfta fram. Sistnemnde stammar frå eldre faglitteratur innan sosialt arbeid og vert løfta fram som eit nøkkelomgrep, ofte omtala som forholdet mellom individet sin evne til meistring og omgjevnadane sine krav» (Bartlett & Saunders, 1970). Omgrepet *personen i situasjonen* er kanskje det mest beskrivande for sosialt arbeid sitt virke, og har etter kvart blitt anerkjend som den sentrale analyseininga i sosialt arbeid (Levin et al., 2016).

Ein kan difor vidare hevde at mykje samfunnsforskning nyttar denne hovud-analyseeininga; ein studerer og samhandlar ofte med person(ane) i situasjon(ane), og forsøker å setje dei fenomena og livsverdene som kjem fram i samanheng med omgjevnadane og den større konteksten. At sosialt arbeid har eigarskap til denne analyseininga vil vere galt å hevde, sidan framveksten av, og samansetjinga av faget, er så breidt inspirert og avhengig av andre disiplinar; spesielt sosiologiens teoriar og forskingsaktivitet. Levin et al. (2016) spør: til kven høyrer ein teori eigentleg heime? Høyrer til dømes Michel Foucault sine idear til filosofien? Historie-faget? Sosiologien? Kva med Mary Richmond? Er ho berre relevant i sosialt arbeid? Kan teoriane verte brukt til å knyte band mellom, eller ha likskapstrekk med teoriane innan psykologi, sosiologi og antropologi? Forfattarane minner oss på at slike spørsmål er viktig å

ha med seg på vegen når ein diskuterer sosiologiske teoriar i praktisk sosialt arbeid (og psykisk helsearbeid). Eit poeng er at her er fleire bruer og samanveving mellom perspektiv, omgrep og fag enn der er grenser. Med eit slikt forsøk på auka medvite ligg forholda kanskje betre til rette for utviding av perspektiv og samanhengar, utviding av ontologi(ar) og epistemologi(ar), så vel som samarbeid mellom disiplinlar.

2.3 Sosialt psykisk helsearbeid

Sosiale og samfunnsmessige modellar knytt til forståinga av og i arbeidet med psykisk helse er avgjerande, fordi dei bidreg til å utvide perspektiva om psykiske helsevanskar og utvidar hjelpetiltaka si innretting (Beresford, 2005; Karlsson & Borg, 2013). Psykisk helsearbeid representerer på fleire måtar eit skifte frå psykiatri-omgrepet til noko som rommar meir. Psykisk helsearbeid er både eit gammalt og nytt arbeidsfelt. Gammalt fordi det fokusera på fenomen som i lang tid har vore gjenstand for merksemd frå fleirfaldige fagdisiplinar. Nytt fordi det integrerer ny forskning og kunnskap, og spesielt viktig i forminga av faget: brukar- og erfaringskunnskap. Karlsson og Borg (2013) introduserte omgrepet «Sosialt psykisk helsearbeid», og har vore ta aktive og viktige stemmer for utviklinga av kunnskap som utvidar forståinga vår knytt til psykiske helsevanskar.

Opptrappingsplanane sitt faglege fundament har sidan 1980-talet gått vidare og utover tema som er knytt til sjukdom (Karlsson & Borg, 2013). Ny kunnskap i kognitiv psykologi, nevrobiologi og utviklingspsykologi har aktualisert behovet for eit perspektivskifte. Menneske sine sjøvlækjande ressursar og sosiale forhold bør få større fokus, noko som vil bidra til at hjelparar kan få ei anna rolle enn å vere leverandør av objektiv og nøytral kunnskap om sjukdom og behandling. Helse er ein *heilskapstilstand*, blir vi stadig minna på. Det å ha merksemd på heile mennesket og kropp og sinn i ein sosial, åndeleg og kulturell samheng, er difor viktige prinsipp for psykisk helsearbeid (Borge et al., 2011). Personen i situasjonen igjen, der altså. Mandatet i det psykiske helsearbeidet er å gi samhengande, holistiske og lokalbaserte tenester. Desse skal fremja sjølvstende, individuelt og sosialt handlingsrom og auke *livskvaliteten* til den enkelte (Bjørlykhaug, 2018).

Vidare er dialog og etikk to viktige omgrep som bør fyllast med innhald i sosialt psykisk helsearbeid. Bøe og Thomassen (2017) påpeikar at dialogen og etikken må ha ein primær plass i psykisk helsearbeid – det er dei etiske sidene ved vårt møte med den andre, og dialogen som (kanskje) utviklar seg, som er det mest sentrale i samarbeidet med menneske som strever med samansette psykiske og sosiale problem. Seikkula og Arnkil (2013) med

omgrepet «open dialog» i mente, peiker på at dialog ikkje er ein metode, heller ei innstilling. Ei haldning å møte og vere på overfor andre menneske. Nokre praksisar gjer det vanskelegare å vere etisk bevisst – og nokre forhold knytt til tid og kontekst sløvar det kritiske medvitte knytt til samarbeid med menneske i vanskelege livssituasjonar, noko funna våre og diskusjonen kanskje kan aktualisere nærare. Ein kan tenke seg at omgjevnadar, kulturforhold og strukturar alltid legg føringar og ofte hindringar for den opne støttande dialogen, og påverkar evna vår til å sjå heile mennesket. I den forbindelse vil det vere relevant å utforske makt i relasjon til kunnskapsparadigme i arbeidet med psykisk helse; fordi erfaringane knytt til sosial støtte og betringsprosessar i denne studien ikkje er upåverka av rådande kunnskapshegemoni.

2.4 Recovery, kunnskapshegemoni og psykisk helsearbeid

Ulike kunnskaps-paradigme rår i arbeidet med og forståinga knytt til psykisk helse. Det er viktig å poengtere at psykiske helsearbeidarar både i kommune og på sjukehusnivå er utsett for store krav og press, både når det gjeld faglege forståingsrammer (kven har størst definisjonsmakt og styrar praksis?) og styringsprinsipp som New Public Management. Kva er igjen av sosialt arbeid sine røter og grunnlagsetikk i NAV, til dømes? Kvifor er sosialfagleg kompetanse lite ettertrakta og på veg ut av psykisk helsevern? På institusjonelt nivå er helsevesenet i vestlege land ein kompleks og mangfaldig sektor med eit uttal aktørar, profesjonar, interesser og påfølgande kunnskaps- og interessekonfliktar (Karlsson & Borg, 2013). Vidare synast desse motsetningane å vere ei strukturell nødvendighet i feltet for å skape motvekt og heilskap. Ein problematisk konsekvens på bakgrunn av pågåande «kampaner», er at aktørane ofte har størst merksemd knytt til egne interesser, og kanskje ikkje like mykje til humanistiske betraktningar eller menneskeleg solidaritet (Karlsson & Borg, 2013). I samanheng med og i forlenginga av dette; kva slags forståing har majoriteten av oss som arbeidar i helse og sosialvesenet av sjukdoms-omgrepet? Korleis påverkar det hjelpa som blir tilboden? Eit grunnlag i vestleg definering og forståing av helse er skilje mellom sjuk og frisk. Førstillinga legg eit grunnlag for at sjukdom kan definerast i eit eige objektivt og faktisk rom med eit vitkapeleg grunnlag, og uavhengig av dei samfunnsmessige og kulturelle tilhøva vi lev i (Karlsson & Borg, 2013).

Kva betyr det for det demokratiske arbeidet med psykisk helse at psykiatrien og diagnosekulturen har fått så solid fotfeste? At liva våre i så stor grad har blitt «psykiatrisert»? Vitkapsjournalisten Robert Whitaker (2014) spør korleis det kan ha seg at psykiske

problem/lidingar har auka i takt og i same tidsrom som nyare psykiatriske legemiddel har vore på marknaden. Dei siste femti åra har forskarar undersøkt langtidsverknadane av dei psykiatriske legemidla. Fann dei at desse legemidla hjelper brukarane av dei til å fungere betre? Opplevde brukarane god fysisk helse? Eller fann ein at legemidla paradoksalt nok auka sjansane for at brukarane ville bli kronisk sjuke, få svekka funksjonsevne og bli meir utsett for psykiske problem over tid? Svara er nei, nei – og ja (Karlsson & Borg, 2021; Whitaker, 2014). Langtidsresultata viser at menneske som til dømes får ei schizofreni-diagnose har det best utan langtidsbehandling med medisinar. Bruk av anti-epressiva kan auke risikoen for at menneske som opplever depresjonar blir uføre. Særleg er det langtidsbruken av psykofarmaka som er uheldig.

På den andre sida syner forskinga at til dømes avgrensa bruk av antidepressiva kan vere til hjelp for mange, og forskarane stridast om kor stor grad av betringa som er knytt til placebo (ibid). Psykiater Trond Aarre (2019) problematiserer at Helsedirektoratet diverre feilinformerer om effekten av behandlinga knytt til antipsykotiske legemiddel. Denne feilinformasjonen sender Helsedirektoratet ut til mellom anna dei som skal handsame klagene grunna feil behandling, og direktoratet vil heller ikkje rette opp sin eigen feilinformasjon ifølgje Aarre. Karlsson og Borg (2021) viser til at det over lengre tid har blitt dokumentert på grundig og ulikt vis at psykisk helse- og rusfeltet har eit demokratisk problem. Viktig og oppdatert forskning og erfaringskunnskap blir ikkje tatt i bruk eller offentleggjort, kanskje fordi det ikkje tener interessene til dei store legemiddel-selskapa – eller logikken om maksimering av human kapital. Ein kan hevde dette er eit demokratisk ontologisk problem.

Den medisinske psykiatrien har framleis i stor grad hegemonisk definisjonsmakt i feltet, følgd av psykologien og psykoterapien (Ekeland, 2021). Sosiologiske, sosiale og erfaringsbaserte perspektiv kjem ofte til slutt i dette bio-psyko-sosiale hierarkiet, og det ser ut til å vere utfordrande å få til ei holistisk likevekt mellom perspektiva. Psykiatrien har blitt, og lenge vore, ein definerande samfunnsinstitusjon kor diagnosekulturen har utvikla seg, og pregar difor forståinga vår av helse, liding og sosiale problem (noko eg vil gå djupare inn i under teori-kapittelet, knytt til diagnosekulturen). Dette kunnskapshegemoniet, slik Ekeland (2021) har karakterisert det med biomedisinen som døme, bygger på ein objekt-ontologisk epistemologi; altså ein måte å forstå fenomen som viser seg i verda som objekt eller som om dei er objekt – og at fenomen kan studerast ut frå ein utvendig posisjon med vitskapen sitt objektiverande blick. Av eit slikt kunnskapssyn følger problematiske praksisar (ibid). I tillegg

opplever tenestene aukande krav til produksjon og krav om evidensbasert praksis knytt til nemnde styringsprinsipp. Ofte kan det innebære ned-prioritering av møtestader til fordel for rask psykisk helsehjelp – der mellom anna sjukepleiarar og sosialarbeidar blir trena til å drive kognitiv terapi. Dette synar tydeleg at vilkåra for å utøve sosialt arbeid openbart er i endring (Kroken & Madsen, 2016). Både rådande kunnskapshegemoni og marknads-tenking i helse- og sosialtenestene, kan bidra til at den mellommenneskelege relasjonen mellom hjelper og den som søker hjelp blir skral (Ekeland, 2011; Martinsen, 2005) – og at «open dialog» som innstilling og haldning blir utfordrande å nærme seg. Tenester prega av desse tilhøva kan stimulere til ei «oss og dei»-tenking, møte mellom subjekt-objekt framfor møte mellom subjekt-subjekt. Møte kor menneske blir filtrert gjennom diagnosar, og opplever barrierar for kontakt og støtte, ei utfordring fleire informantar peikar på i fokusgruppene – og som eg vil diskutere nærare i diskusjon av funn.

Recovery – med stor og liten R

Recovery-orienterte praksisar i psykisk helse- og rusarbeid blir stadig løfta fram som ei motvekt til ein overdriven biomedisinsk praksis – og som forsøk på å utvikle meir sosiale og humane praksisar (Karlsson & Borg, 2017). Det finst eit utal definisjonar på Recovery, ofte omtala som ein personleg og sosial prosess; der sosialt arbeid sitt mantra «personen i situasjonen» på mange måtar passar godt inn. Karlsson og Borg (2017) nyttar følgjande definisjon:

Recovery er det arbeidet personen gjer aleine eller saman med andre for å oppleve og skape mening i eige liv. Eit liv der han eller ho erfarer å bli elska av nokon og elsker andre. Eit liv der han eller ho opplever å høyre til og vere til nytte. Eit liv med moglegheiter til glede og moro (s.11, mi omsetjing).

Fenomenet Recovery har borgarrettslege og politiske røter frå brukarmiljø i USA på 1960- og 70-talet, som kjempa for rettane til menneske med ulike funksjonsnedsettingar. Her var i stor grad aktivist- og sjølvhjelpsgrupper sentrale målberarar for å få til endring i synet på folk med psykiske helseproblem (Karlsson & Borg, 2017). Desse bevegelsane er i stor grad inspirert av sosiale rettferdsbevegelsar som har kjempa mot rasisme og diskriminering. I april 1963 skreiv Martin Luther King Jr (1964) det historisk definerande brevet *Letter from Birmingham Jail*, som har inspirert og framleis inspirerer. Han skreiv desse famøse orda som gir resonans når vi snakkar om relasjonell recovery: “*Injustice anywhere is a threat to justice everywhere. We are caught in an inescapable network of mutuality, tied in a single garment of destiny*” (s.2-3).

Etymologisk betyr «recovery» å ta tilbake (to regain) eller få igjen (to get again). Om ein skal arbeide Recovery-orientert i psykisk helse- og rusarbeid krever det fortsatt radikale endringar både med omsyn til samarbeidsformer i og organisering av tenestene, jf. FNs spesialrapportør (2020). Ofte kan sentrale dimensjonar i recovery-prosessar innebere å utvikle eller friske opp viktige personlege og sosiale forbindelsar, finne nye eksistensielle perspektiv på livet, og å finne tilhøyrsløse og tilknytning i ulike sosiale arena.

Det finst samtidig fleire gode døme på praksisar som fremjar betringsprosessar, samarbeid og sosialt psykisk helsearbeid (Borg et al., 2013). Eit døme er Recovery-verkstadar som fungerer som møteplass og dialogarena. Her kjem innbyggjarar med erfaring frå psykisk helse- og rusfeltet, både som brukarar, hjelparar, pårørande, og andre interesserte (Johnson et al., 2018). Tema er ofte knytt til betringsprosessar og meistring. Eit av måla er utvikling av gjensidig støtte og eit meir inkluderande lokalsamfunn. Vår første artikkel (Bjørlykhaug et al., 2021) løftar òg fram ulike praksisar som arbeidar recovery-orientert, og sosial støtte-orientert. Til dømes peiker fleire studiar på praksisar som tilbyr «normale» aktivitetar som; fotballgrupper, hage- og dyrkingsarbeid, kunstverkstader, matlaging, etc – som kan vere ein kontrast til rask psykisk helsehjelp (ABC jiha), angstsirklar og depresjonsmeistrings-kurs. Joda, det eine ekskluderer ikkje det andre. For å kunne oppleve positive betringsprosessar og meistring, må ein oppleve å bli møtt, anerkjend og sett i relasjon til andre i lokalsamfunn (Borg et al, 2013). Praksisar som jobbar recoveryorientert, bevisst og ubevisst, arbeider ofte med sosial støtte på dei ulike nivåa; emosjonelt, bekreftande, informativt og instrumentelt (Bjørlykhaug et al., 2021), der vilkår knytt til rammevilkår i tenestene og stabile sosiale møtestader ofte er avgjerande for å lukkast.

